

Rutine – Politisk verksemd ved skulane i Vestland fylkeskommune

Inspirasjon og interesse for å ta samfunnsansvar kan oppstå i møte med politiske organisasjonar som på sjølvstendig grunnlag ønskjer å kome i dialog med ungdom utanom den ordinære opplæringa. Vi ser at skulane i varierende grad har opna for at organisasjonar har fått høve til å markere seg politisk på skulen sitt område innanfor skuletida. Sjølv om skulane har ulike føresetnadar for å leggje til rette for politiske markeringar (rom, uteområde), prøver denne rutinen å gjere greie for nokre felles prinsipp.

Føremål

Rutinen gjev retningslinjer for korleis dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune møter førespurnader frå politiske parti eller organisasjonar om å kunne vere til stades på skulane, markere politiske standpunkt og kome i kontakt med elevane. Det er eit mål i seg sjølv at politiske organisasjonar skal møte ei felles haldning til slike førespurnadar, slik at det ikkje er naudsynt å undersøkje kva reglar som vert praktisert på den einskilde skule.

Omfang

Rutinen omfattar alle dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune. Dei åra det er skuleval, vil det bli sendt ut eigne orienteringar som gjeld praktiske rammer og koordinering av skuleval og skulevalkamp.

Gjennomføring

1. Politiske parti eller andre interesseorganisasjonar bør ta kontakt med den aktuelle skulen i god tid innan eit arrangement eller ei markering er tenkt gjennomført, og seinast 14 dagar på førehand.
2. Det er skulen ved rektor som avgjer om tidspunktet passar i høve til planar for skulens eiga verksemd.
3. Korleis ta kontakt med skulen før eit besøk eller planlagt arrangement:
 - Søknad til skulen ved rektor i god tid på førehand, brev eller e-post
 - Tilstrekkeleg informasjon om praktiske rammer
 - Ønskje om tidspunkt og omfang
 - Tydeleg avsendar, med namn, e-post og telefonnummer for organisasjon og kontaktperson
4. Ansvar og mynde til å avgjere dei praktiske rammene (tid, stad, omfang)
 - Det er rektor som har det samla ansvaret for drifta av skulen, og ho/han kan etter eiga vurdering fastsetje kva praktiske rammer som gjeld for det einskilde besøk eller arrangement.
 - Rektor, eller den som er i rektors stad, sender svar til aktuell organisasjon

5. Allmenne reglar:

- For elevar som besøker eller deltek på politiske markeringar, gjeld ordens- og åtferdsreglementet, medrekna plikt til å møte opp til fastsett undervisning mm.
- Representantar for organisasjonar har plikt til å rette seg etter det rektor har bestemt, oppføre seg sømeleg og rydde etter seg.